



Truls Zimmer og Hilde Breivoll Zimmer på TV-skjermen mandag kveld. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Programmet "I kø for livet" som vart sendt seint mandag kveld i TV2 og som mellom anna skildra uskedelingen Truls Zimmers vellukka lungetransplantasjon var eit fjernsynsdokument av ein kaliber som ein ikkje gløymer så lett. Ein får vona at heller ikkje politikarane gjer det.**

Program-skapar Connie Barr hadde gjort ein utruleg grundig jobb over lang tid. Her gjekk glede og sorg side om side: Programmet skildra og korleis det gjekk med Karen Indergaard Mietle, som hadde same sjukdommen som Zimmer: cystisk fibrose. Ho vart ikkje meir enn 26 år og vart ein av de 40 som kvart år dør i organkø i eit land som skal vera så høgt utvikla.

Truls fekk diagnosen allereie då han var halvtanna år og han vart gradvis dårlegare. Etter to års venting kom han til utredning på Rikshospitalet og han trakk det han sjølv kallar "gull-loddet" raskare enn han trudde.

TV-teamet skildra grundig korleis Truls hadde det både før og etter transplantasjonen og både han og kona Hilde Breivoll Zimmer gjorde eit sterkt inntrykk med sin tapperheit og sin naturlege veremåte.

- Eg turde ikkje håpa og tru på at eg skulle få att eit slikt liv, sa Truls der han sprang lett over rabbane med Melderskin som bakgrunn. Han hadde vore nede i ein lungefunksjon på 20 prosent medan 10-15 ikkje er nok til å overleva. Men midt i gleda gløymde han slett ikkje at bak ein donasjon gøymer det seg alltid ein tragedie og han tende eit ljøs for den som gav han livet i gåve.
- Det er fint at det finst nokon som er så rause, sa han.

Men ein ting sakna vi i programmet utan at Connie Barr har noko ansvar for det: Eit beroligande svar frå helseministeren. Spørsmålet frå faren som miste dotter si er stadig like aktuelt: - Ansvaret flyter – kven har ansvaret?

Av Ola Matti Mathisen

